
Saksnr: 2020/70452-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Klage på avslått søknad om tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 83/2020, handsama 4. juni 2020. Klagen vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå Sunnhordland amatørkulturråd ved styreleiar Jan Spjeldnæs. Klagen gjeld vedtak om avslag på søknad om tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv. Klagen vart mottatt 23. juli 2020. Søkjarpart er Sunnhordland amatørkulturråd.

Etter ei ny, samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram nye opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 4. juni 2020, der søknaden fekk avslag.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef kunst- og kulturutvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 2020-07-21 ANKE på avslag om søknad om støtte fra ...Til Vestland Fylkeskommune
- 2 Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv, våren 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv vart lyst ut våren 2020 med søknadsfrist 8. mars. [Retningslinjene for tilskotsordninga](#) vart vedtatt av hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 21. januar (sak 2/2020). Vedtak om tildeling av midlar vart gjort av hovudutvalet i møte 4. juni (sak 83/2020).

Ved søknadsfristen var det kome inn 121 søknader, der det vart søkt om i alt 6 227 438 kr i tilskot. Hovudutvalet løyvde 721 000 kr til i alt 22 prosjekt eller tiltak.

Innhald i klagen

Klagen frå Sunnhordland amatørkulturråd blir grunngeve med at rådet er kome i stand etter ønskje frå Hordaland fylkeskommune og samarbeidsrådet i Sunnhordland, og med støtte og hjelp frå Bergen amatørkulturråd. Det blir vist til at Vestland fylkeskommune i samtalar har stadfesta ønskje om etablering av lokale og regionale amatørkulturråd som eit bindeledd mellom fylkesadministrasjonen og lag og foreiningar.

Sunnhordland amatørkulturråd skriv vidare i klagen at rådet fekk oppstartsmidlar på 20 000 kr i 2018, men ikkje er kome så langt som ønska, og at koronanedstenginga har bremsa rådet si verksemd. Sunnhordland amatørkulturråd skriv i klagen at dei ikkje er ferdig med oppstarten og er økonomisk handlingsssvevka. Rådet vil i løpet av hausten presentere seg for kommunane i Sunnhordland og samarbeidsrådet i Sunnhordland med sikte på å få etablert gode samarbeidsformer og for å kunne få pengestøtte via kommunane sine kulturbudsjett frå 2021. Likefullt har rådet behov for midlar i 2020 for å komme lenger i arbeidet.

Vurderingskriterium i ordninga

Søknadene i ordninga vart vurdert ut i frå følgjande kriterium, i tråd med retningslinjene i tilskotsordninga:

- a) Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde
- b) Dokumentasjon av kulturhistorie
- c) Samarbeid og nettverk
- d) At tiltaket eller prosjektet er utadretta og ope
- e) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- f) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- g) Støtte og forankring i heimkommunar og evt. nasjonalt

I retningslinjene i tilskotsordninga blir det slått fast nokre absolutte kriteria:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
- Tiltaket skal støtte ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller verdi.

Grunngjevinga for avslag

Søknaden om tilskot frå Sunnhordland amatørkulturråd vart vedtatt avslått med følgjande grunngjeving:

Sunnhordland Amatørkulturråd vart etablert i 2018 og har i dag 40 medlemsorganisasjonar frå åtte kommunar. Amatørkulturrådet skal vere talerøyr og fremje interessene til frivillige kulturorganisasjonar i Sunnhordland, og fekk oppstartsstøtte frå Hordaland fylkeskommune. Det er avgrensa midlar i støtteordninga og fylkesdirektøren vil oppmode Sunnhordland Amatørkulturråd om å søkje kulturmidlar i kommunar der dei har medlemsorganisasjonar. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått.

Det er ei samla vurdering som ligg til grunn for vedtak om tilskot. Av i alt 121 søknader var det innanfor tilskotsordninga berre rom for tilskot til 22 av søkjarane. I grunngjevinga for avslag blir det lagt vekt på at Sunnhordland amatørkulturråd fekk oppstartsstøtte ved stiftinga av rådet i 2018. Vidare vart rådet oppmoda om å søkje kulturmidlar i kommunane der Sunnhordland amatørkulturråd har medlemsorganisasjonar.

Innhald i søknaden

Sunnhordland amatørkulturråd søkte om 50 000 kr frå tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv til «Drift av Amatørkulturrådet». I søknaden skriv rådet følgjande om prosjektet / tiltaket:

Vårt formål er å framsnakke regionens frivillige kulturliv for å bedre rammevilkår, økonomisk, lokalitetsmessig og på alle andre måter, gjennom påvirkning, kurs, seminarer og alltid kombinert med kunstnerisk fremføring av medlemslag og organisasjoner. Motpart vil være kommuner, fylkeskommunen, samarbeidsrådet og relevante organisasjoner for øvrig.

Vidare skriv amatørkulturrådet som kommentar til gjennomføringa av prosjektet:

Denne perioden er et driftsår, vi ønsker å drive på uten tidsbegrensning så lenge det er behov for virksomheten, som ble etablert juni 2018 og som hadde sitt første spinkle driftsår i 2019, og som kan komme i gang mer konkret i løpet av 2020.

Søklar la ved årsmelding 2019, rekneskap 2019 og årsmøteprotokoll 2020 som vedlegg til søknaden.

Vurdering av klagen

I klagen frå Sunnhordland amatørkulturråd blir det lagt vekt på at det frå fylkeskommunen si side er ønskje om at det blir etablert amatørkulturråd i fylket. Vidare skriv klagar at dei ikkje er ferdig med oppstarten og er økonomisk handlingssvekka, at koronasituasjonen har bremsa aktiviteten og at rådet har mål om å styrke samarbeidet med kommunane og samarbeidsrådet i Sunnhordland.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kjem det ikkje fram opplysningar som er vesentleg nye, samanlikna med søknaden. I regional plan for kultur for Hordaland 2015-2025 blir det slått fast at det er eit mål å etablere lokale og regionale amatørkulturråd. Dette er også bakgrunnen for Hordaland fylkeskommune si oppstartsstøtte til Sunnhordland amatørkulturråd i 2018. Klagar skriv at rådet ikkje er ferdig med oppstarten, men skriv i søknaden at «Denne perioden er et driftsår». Fylkesdirektør vurderer ikkje desse opplysningane til å vere av ein slik art at det påverkar vurderinga og vedtaket i saka. At rådet vil styrke samarbeidet med kommunane og samarbeidsrådet i Sunnhordland er positivt. Dette er ein naturleg del av rådet sitt arbeid, og etter fylkesdirektøren si vurdering ikkje ei ny opplysning i saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket vil ikkje få økonomiske konsekvensar.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har frivilligheit og amatørkultur som viktige satsingsområde.

Konklusjon

Sunnhordland amatørkulturråd sitt arbeid er viktig for å styrke amatørkulturen og frivillige lag og organisasjonar sitt arbeid i regionen. Rådet starta si verksemd i 2018 med støtte frå Hordaland fylkeskommune. Amatørkulturrådet fekk avslag på søknaden om tilskot via ordninga prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv våren 2020, og klagar no på avslaget. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det gjennom klagen ikkje kome inn nye opplysningar som gir grunnlag for å endre vedtaket i saka.